



Notat

Dato: 06.11.2017
Arkivsak: 2017/938-18
Saksbehandlar: rolrose

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål om skuleskyss og ruteproduksjon i Sunnhordland

Sigbjørn Framnes (Frp) stilte slikt spørsmål i møte i Fylkesutvalet 26. oktober:

1. Nye bussruter i Sunnhordland.

Hva er tilbakemeldingene på endringene i rutene som ble gjort gjeldende fra [1 juli](#).

- om tilbakemeldingene er negative, hva tenker Skyss å gjøre med dette?
- Ruteproduksjonen skulle i det nye anbudet slik jeg har forstått det, vært på samme nivå som ruteproduksjonen i forrige anbud. Slik jeg forstår dette stemmer ikke dette helt, det er en reduksjon i dagens rute produksjon på 31.517 rute km.
- Hva er årsaken til denne reduksjonen?
- Hva er årsaken for at innspill fra kommuner i 2015 til nye ruter, tilsynelatende ikke ble hørt i oppsett til nye ruter?

2. Gratis skuleskyss og dispensasjon fra opplæringsloven gitt av Fylkesmann.

Fra skolestart i år er elevene med rett etter opplæringsloven nektet gratis skuleskyss til videregående skoler på øya Stord. Dette gjeld elever som bor i områdene Sagvåg og Rommetveit. I vedlagt innvilging av dispensasjonssøknad fra Fylkesmann gjengir han dei strenge kravene til en slik dispensasjon.

- Hva er årsaken for at Skyss tilsynelatende ikke tar hensyn til kravene i dispensasjonen?
- Gjeld denne problemstillingen andre elever i distrikts- Hordaland?
- Kan elever som urettmessig er pålagt å kjøpe ungdomskort forvente å få tilbakebetalt kostnadene med sine innkjøp?

Siden kravene er så konkrete og målbare, forventer jeg at Skyss umiddelbart endrer praksis. Selvsagt betinget at jeg ikke har misforstått noe.

Fylkesrådmannen kan opplysa følgende.

1. Endringane i rutetilbodet i Sunnhordland er i hovudsak knytt til omlegging av linjenettet på Stord. Ut over dette er det gjort mindre justeringar. Føremålet med endringane er å tilpasse tilbodet betre til passasjergrunnlaget, og prioritere ressursane der flest reiser. Ei styrking av ruteproduksjonen i og rundt Leirvik har gitt eit noko redusert tilbod i andre delar av Sunnhordland.

Ved alle endringar i rutetilbodet vil det kome reaksjonar – både positive og negative. Alle tilbakemeldingar om tilbodet vert svarta ut løpande, og i nokre tilfelle er det allereie gjort mindre justeringar. Innspel som inneber større endringar – med konsekvensar for økonomi, for andre busslinjer- og ruter, kopling til båtruter med vidare – vil bli tatt inn i prosessen kring årleg ruteendring.

Ruteproduksjonen er ikkje redusert, men derimot noko auka. I anbodsgrunnlaget for 2008 låg ein produksjon på 2 164 561 km. Det er denne produksjonen tilbydarar i konkurransen baserer sine tilbod på. Etter inngått kontrakt er dette talet ikkje lenger «fasiten». Det vert gjort løpande justeringar, særleg knytt til behov for skoleskyss og ut frå på dei årlege budsjetta til fylkeskommunen. Årleg rapportering på omfanget av produksjonen vert gjort gjennom årsrapporten for Kollektivstrategi for Hordaland. I anbodsgrunnlaget for nytt anbod med oppstart 2017 var produksjonen satt til 2 140 476 km i 2018 (første heile år i kontrakten). Dette talet er noko lågare enn ved oppstart i 2008, men høgare enn i 2016. Bakgrunnen for det lågare talet sett opp mot 2008 er at i 2010 var budsjetttrammene slik at det vart gjort kutt i kollektivtilbodet i hele fylket, også i Sunnhordland. Gjennom oppstartsførebuingar og oppstart av anbodet er produksjonen no justert noko opp, og slike justeringar vil bli gjort i ein kontinuerlig prosess gjennom kontraktens levetid.

Dersom vi samanliknar produksjonen ei vanleg veke (her man-søn i veke 44) i 2016 og 2017, ser det slik ut:

Tidsrom	Sum km kjørt pr uke:
Veke 44 2016	45 410
Veke 44 2017	46 984
Differanse	1 574

I dette ligg ein noko lågare produksjon på søndag, men høgare alle andre dagar. I sum gir det 1574 km meir på ei veke enn tilsvarande veke i fjor. Det er og fleire bussar i produksjon i det nye anbodet, frå 44 i føregåande anbod til i dag 54 bussar. Operatør står fritt når det gjelder omfang av reservemateriell, og vil i praksis ha fleire bussar enn dette.

I førebuinga av nytt bussanbod og arbeidet med Trafikkplan Sunnhordland har det vore fleire møter med kommunane om prioriteringar i busstilbodet. Innspela frå kommunen er tatt med i den heilheitlege vurderinga, saman med faktagrunnlag og strategiske føringar gitt for det nye anbodet.

2. På spørsmål 2 gjev me att svaret som er lagt fram for utvalet for opplæring og helse, og som dekkar spørsmål frå fleire representantar, inkl. Framnes.

- Hfk ved AUD har gjort ein utrekning av tal på elevar som blir omfatta av ordninga. Av elevane som vart søkt inn i vidaregåande skule i Hordaland i 2017-18, blir 6769 elevar omfatta av dispensasjonen. Det må presiserast at det finst feilkjelder, og talet vil variere gjennom året. Det skjer fortløpande endringar i elevtalet og elevane sine bustader, samt at ein del elevar fyller 21 år i løpet av skuleåret og fell då ut av ordninga. Elevar som fyller 21 år får tilbod om skuleskyss dersom dei oppfyller vilkåra til skyss i opplæringslova. Meir detaljar og atterhald om utrekninga er omtala i vedlagte rapport.
- Hovuddelen av samordninga skjer i Bergen og omegn. Av ovannemnde 6769 elevane bur 5819 av elevane i Bergen og i «samordna» område i omegnskommunane (Fjell, Askøy, Sund, Øygarden, Lindås, Meland og Os). 580 av elevane bur i Sunnhordland (Stord, Bømlo, Kvinnherad), kor av 279 av elevane er frå Stord. Detaljar om elevtal fordelt på kommune blir omtalt i rapporten i figur 4 .
- Med ovannemnde elevtal (6769 elevar), og med føresetnad at elevane løyser ungdomsbillett i 10 månader blir verknaden omlag 25 millionar pr. år dersom alle elevane med over 6 km til skolen skulle få

gratis skoleskyss.

4. Vilkåret i forskrifta om at elevane skal ha eit kollektivtilbod på fritida som er godt utbygd og med jamlege avgangar, er sentralt i dispensasjonen. Forskrifta set ikkje konkrete krav, men i eit svarbrev på søknad frå Undervisningsdirektoratet i 2002, vart det sagt følgjande:

«Eit rabattkort må omfatte ordinær reise til og frå skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Rabattkortet må i tillegg til ordinær skoleskyss kunne nyttast både på dagtid og kveldstid alle dagar. Dei aktuelle kollektive transportmidla som rabattkortet gjeld for, må være godt utbygd og ha jamlege avgangar. Ordninga må omfatte minst heile skuleåret.»

Brevet seier vidare at eit kollektivtilbod som varer fram kl. 21.00 eller kortare i helgene tilfredsstillar ikkje forskriftenes krav i tredje punkt. Utforminga av områda/sonene for samordning vart i si tid gjort med dette som utgangspunkt.

Det har vore oppslag i media på Stord og diskusjonar med Fitjar VGS om samordning med ungdomsbillett og skuleskyss. Fylkesmannen i Hordaland har merka seg diskusjonen, og har sendt brev til Skyss kor dei ber om ein uttale om rutetilbodet på Stord knytt til vilkåra til i forskrift §10-3 til opplæringslova. Skyss har sendt svar til fylkesmannen i brev av 18. september 2017 kor ein gjer greie for saka på Stord, og kva Skyss legg til grunn for områda som kan samordnast med ungdomsbillett.

Fylkesmannen har svara Skyss på brevet, og syner der til forskrifta om dispensasjon §10-3 og viser og til ovannemnde brev frå Undervisningsdirektoratet av 2002. Fylkesmannen presiserer mellom anna til at retningslinene i brevet frå 2002 ikkje er oppheva.

Skyss vil saman med fylkesmannen avklare kva krav og retningslinjer som gjeld, og eit møte med fylkesmannen er under planlegging med dette som formål. Etter det Skyss har fått av informasjon har ikkje alle fylkeskommunar fått ytterlegare krav ut over krav gitt i forskrifta for deira ordningar om ungdomsbillett som skolereisebillett. Skyss vil også få gjennomført ei ekstern vurdering av kva krav som følgjer av lova og tilhøyrande forskrifter. Om det etter avklaringar med fylkesmannen blir naudsynt med endringar eller tilpassingar i dagens ordning må ein sjå på dette fram mot oppstart av neste skuleår. Større endringar i praksis må gjennomførast i samband med start av nytt skuleår. Det vil bli lagt frem ei sak når nødvendige avklaringar er gjort.

Fram til avklaringar ligg føre vil Skyss reversere endringane som vart innført for skuleåret 2017-18 som medførte at nye område blei teke med i samordninga. Det vil seie områda Sagvåg og Rommetveit på Stord, og Ramsøy på Askøy. Soner som blei teke ut av ungdomsbillettordninga i haust (Sveio) vert ikkje reversert.

Elevane som bur i områda kor ordninga blir reversert og som har hatt utlegg til ungdomsbillett og ønskjer skuleskyss, vil få høve til å sende inn krav til Skyss om refusjon på kostnader dei har hatt til busskort.